

**Notat**

Dato: 14.11.2019

Saksnr: 2019/94-1

Saksbehandlar: Ingeborg Fredheim Lie

---

**Til:** Fylkesting

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

## Melding om arbeidet med ny budsjettmodell

### Bakgrunn

Fellesnemnda handsama 19.12.18, sak PS 55/2018 Prinsipp for ny budsjettmodell i dei vidaregåande skulane – DP 1.4. Utvalet gjorde følgjande vedtak:

«Det overordna prinsippet om tildeling i hovudsak basert på tal grupper per utdanningsprogram vert lagt til grunn for budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

1. Prosjektlear skal:
  - a) utarbeide ein budsjettmodell der tildelinga i hovudsak er basert på tal klassar/grupper per utdanningsprogram. Som ein del av dette arbeidet må det vurderast om nokre budsjettelement skal tildelast uavhengig av tal grupper.
  - b) vurdere behovet for overgangsordningar i overgangen til Vestland fylkeskommune

2. Prinsippa for ny budsjettmodell vert lagt fram for fellesnemnda våren 2019.»

Fellesnemnda handsama 13.03.19 PS 18/2019 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 – vidare prosess. I saka vart det lagt til grunn at det var det nye fylkestinget, ikkje fellesnemnda, som skulle vedtak prinsippa for ny budsjettmodell. Nemnda gjorde følgjande vedtak i saka:

1. Dagens budsjettmodellar for tildeling til dei vidaregåande skulane vert vidareførde for 2020.
2. Prinsippa for ny budsjettmodell, gjeldande frå 2021, vert lagt fram for fylkestinget som ein del av økonomiplansaka i desember 2019.

### Fylkesrådmannen/Prosjektlear si vurdering og tilråding

Arbeidet med budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 er omfattande og krevjande. I tillegg kjem arbeidet med ny budsjettmodell for skulane frå 2021. For å sikre ein god prosess i arbeidet med ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane er det fylkesrådmannen/prosjektlear si vurdering at sak om prinsipp for ny budsjettmodell først bør leggast fram for fylkestinget i mars 2020.